



ÅRSMELDING 2021

ÅRSMELDING

IL JOTUN HANDBALL

for perioden

1. januar 2021 til 31. desember 2021

PÅ VEG MOT HUNDRE!



1. Velkommen
2. Konstituering
3. Årsmelding
4. Rekneskap 2021 for aldersbestemt handball
5. Budsjett 2022 for aldersbestemt handball
6. Rekneskap 2021 for handball senior
7. Budsjett 2022 for handball senior
8. Val



1 STYRET SI SAMANSETJING i 2021

| | | |
|-------------------------------|-----------------------|-----------|
| Leiar: | Gunnar Christian Huse | 2021-2022 |
| Nestleiar: | Terje Sylvarnes | 2021-2021 |
| Sekretær: | Anette Svori | 2021-2022 |
| Økonomileiar: | Thea Gloppen | 2021-2022 |
| Styremedlem, sportsleg leiar: | Benjamin Nese | 2021-2021 |
| Styremedlem: | Hilde Midtun | 2020-2021 |
| Styremedlem: | Vibeke Fusche Moe | 2021-2022 |

2 GRUPPER – UTVAL – KOMITEAR

Sportsleg leiar har jobba med ein sportsplan saman med ei trenargruppe, og dei har fått på plass mykje av innhaldet, og skulle etter planen ha lagt fram eit forslag. Sportsplanen skulle vore ferdig og var planlagt tatt i bruk inn mot sesongen 2020/21. På grunn av situasjonen rundt korona blei sportsplanen sett på vent, noko som og har vore tilfelle dette året. Sportsleg leiar melder om at planen framleis er under utarbeiding, men nærmar seg ferdig.

Basaransvarleg 2021: Monica Hybertsen da Silva

Styret har vedteke at foreldre på J12 og G12 skal vere ansvarlege for gjennomføringa av basaren. Andre som hjelper til på basaren er: oppmenn/ foreldrekontaktar, frivillige og seniorlaget.

Ansvar minihandball: Anette Svori

Ansvar for kiosk/lager: Marita Lindborg.

3 MØTE, ARRANGEMENT OG ANDRE AKTIVITETAR

Styremøte:

Det har vore fem styremøte i løpet av årsmøteperioden, der det har vore handsama 14 saker. Det har vore omlag eitt styremøte annakvar månad, utanom sommarmånadane. Utover dette samarbeider styremedlemane gjennom e-post.

Andre møte:

Det har vore halde informasjonsmøte med spelarar, trenarar og støtteapparat. Det har og vore gjennomført fleire møte med seniorspelarar, og møte i samband med basaren.

Leiar i gruppa har delteke på hovudstyremøta.

Utover dette har leiar og andre i styret delteke på Teams-møter arrangert av Handballforbundet, Region Vest.



Inntekstgjevande arrangement:

Den årlege basaren blei gjennomført onsdag 1. desember. Den ga nok ein gong gode inntekter til handballgruppa. Det var eit svært godt sal på loddbøkene før basaren og det var godt oppmøte på sjølve basaren. Organiseringa fungerte bra, og komiteen hadde svært god kontroll på arrangementet. Takk til alle som bidrog på alle måtar, både med gevinstar og på ein eller annan form for dugnad.

Aktivitetar:

Minihandball:

Ungar frå 3. og 4.klasse som er med på Allidrett har hatt tilbod om å delta på turneringar i sone 3. Om det var lite aktivitet på turneringar i fjor pga. smitteverntiltak kring covid-19, så har det vel vore endå mindre aktivitet dette året. Dersom turneringane ikkje har vorte avlyste av regionen, har me måtte trekke laga, evt. ikkje meldt på, då det har vore smitte, både her og der. Heldigvis kan me melde om interesse blant ungane, og dei er svært ivrige på treningane, og det er godt oppmøte.

4 SAKER OG SPONSORAR

Sponsorar:

Følgjande verksemder er IL Jotun sine hovudsponsorar:

- Sparebanken Sogn og Fjordane (felles med hovudlaget)
- Kraftlaget AS (felles med hovudlaget)
- Årdalsnett AS(felles med hovudlaget)

IL Jotun Handball har vorte støtta med gåver til basar og kamplotteri frå fleire bedrifter. Me ønskjer å takke alle bedrifter og næringsdrivande som har støtta oss.

Draktsponsor: Hydro Aluminium Årdal

Plakatsponsorar i Årdalshallen:

- Sogn Avis
- HMR
- BDO
- Monter Andersen
- Caverion
- Olav O. Hæreid
- Indre Sogn Bil
- Klíngenberghotell
- Elektromontasje AS
- Sogn Sparebank
- Toyota Sogn
- Kleiven Sogn
- Sogn Skadeservice
- Sparebank1
- Sportshuset Årdal



5 MEDLEMSTAL

Ved utgangen av 2021 har me 203 barnemedlemar, og 50 vaksne medlemar. Samla utgjør dette 253 medlemar. Dette er ganske jamne tal med tidlegare år.

Det er gledeleg å melde at det var rekord mtp. påmelde Jotun-lag til denne sesongen. Jotun har tilbud til Jenter 10-16 år, og Gutar 10, 13 og 16 år. G13 og J14 har samarbeid med ÅTIL.

6 TRENARAR/STØTTEAPPARAT/ORGANISASJON

Trenarar og støtteapparat for laga:

| Lag | Trenar | Oppmann | Foreldre-kontakt |
|--------|---|--------------------------------------|------------------|
| J/G10 | Anette Svori | J10: Zsofia Rezi G10: Bjarte Hove | |
| G13 | Nina Jevnaker | Yvonne Finnebotn | |
| G16 | Rune Hunderi, Tonje Stølen Moen og Frank Hovland | Gry Hestetun | Ann Kristin Moen |
| J11 | Karianne Gudvangen, Geir Inge Agledal og Hanne Hestetun | Monica Sagerøy | |
| J12 | Marita Hestetun | Ellen Veum | Veronika Nilsen |
| J13 | Linda Øy og Stine Straumsheim Kauppi | Lisell Måren | |
| J14 | Vibeke F. Moe og Adelheid Nes | Laila da Silva Vamråk | |
| J16 | Jannicke Øyre og Heidi Svori | Marita Lindborg | |
| Senior | Tor Bjarne Midtun, Helge Rørvik og Terje Sylvarnes | Ellen Veum | |

Føljande lister er reviderte av styret i løpet av sesongen:

- Informasjonsbrosjyre for IL Jotun aldersbestemt handball
- årshjul
- arrangørdagbok vår og haust
- oversikt over alle trenarar og støtteapparat med e-post-adresser og telefonnummer
- arrangementsliste for heimekampar
- oppmannsperm

7 UTDANNING

Det har ikkje lukkast for handballgruppa å få gjennomført noko utdanning av nokon denne sesongen. Ein viktig faktor for at dette ikkje har lukkast er situasjonen rundt covid-19.

8 REPRESENTASJON

Styret har vore representert på kampoppsettmøte for Sogn og Fjordane og sonesamling for styre, arrangert av Region Vest. Alle eksterne møte i 2021 har vore gjennomførte digitalt, anten på Teams eller liknande.

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon

Telefaks

Foretaksregisteret
975 702 308



9 SPORTSLEGE RESULTAT

Situasjonen rundt korona påverka 2. halvdel av 2020/21 sesongen i stor grad, noko som førde til at svært få kampar blei spela. Hausten 2021 har vore betre, sjølv om det har vore ein del endringar og flytting av kampar, så har dei fleste kampar blitt gjennomførde.

Når det gjeld seniorlaget vårt har dei kome godt i gang igjen etter eit svært labert år i fjor mtp. kampar. I starten av sesongen 21-22 var det knytt noko usikkerheit til kor mange spelarar laget hadde. Men etter ein verve-runde har det vore stabilt oppmøte på treningane. Laget har prestert godt på kampar. Laget har hatt ei svært positiv utvikling det siste halvåret.

10 ØKONOMI

Aldersbestemt:

IL Jotun aldersbestemt handball har ein sunn og god økonomi. Likviditeten er god. Inntektene dette året kjem frå refusjon av treningsavgifter og LAN/MVA kompensasjon. I tillegg har aldersbestemt saman med senior hatt gode inntekter på det største arrangementet – den årlege handballbasaren.

Senior:

På grunn av sentrale og lokale reglar knytt til smittevern har det ikkje vore kampar og liten treningsaktivitet i vårsesongen 2021, og det har ført til lite utgifter. Delar av dei tapte inntektene er kompensert frå støtteordningar i samband med tiltak rundt korona. Økonomien for seniorlaget er tilfredsstillande for vidare drift av laget i 2021/22 sesongen.

11 ANLEGG

Hovudarenaen for trening og kampar er Årdalshallen. Tangenhallen har vore nytta til treningsarena og kamparena på nokre heimekampar.

Det er viktig med god planlegging når det gjeld tildeling av halltimar, slik at hallen vert godt utnytta og at alle, så langt det let seg gjere, får oppfylt sine ynskje for treningstider.

Det er nok ein gong viktig å understreka at handballgruppa må ha prioritet når det gjeld bruk av Årdalshallen i handballs sesongen. Det er også viktig at sommaridrettane ikkje legg sine treningstider slik at ungdommane må velja kva dei skal delta på i vekedagane om vinteren.

12 OPPGÅVER I ÅRET SOM KJEM

Det har også vore eit merkeleg år for styret, med liten aktivitet og problem med å kunne halde drifta på eit greitt nivå, då covid-19 har gitt oss ein del utfordringar. Styret i 2021, har komme godt i gang med ein sportsplan og organisering av handballgruppa. Styret har og komme godt i gang med dei sakene som dei måtte utsette i 2020 pga. tiltaka knytt til Covid-19. Det inneber å få kontinuitet i styrearbeidet, og halda fram arbeidet med å utvikla handballgruppa som organisasjon. Å få dokumentert og utvikla system for korleis me driv og skal driva handballgruppa framover er ei av dei viktigaste utfordringane for styret, samt å halde fram det gode arbeidet som er starta på i 2021.

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon

Telefaks

Foretaksregisteret
975 702 308



Det må jobbast godt med rekruttering for å behalda og auka medlemstal i IL Jotun handball, det verkar som om tiltaka knytt til covid-19 tærer på spelarane i handball og me har begynt å merke fråfallet. Styret si oppgåve vil i denne samanhengen vere å lage så gode rammevilkår for trenarar og spelarar, slik at klubben kan underbygga målsetjingane sine om å vere eit godt sportsleg alternativ for ungdommane i Årdal. Det er ei utfordring å få fleire til å delta aktivt i organiseringa rundt dei forskjellige laga i gruppa.

Det vert viktig for styret å legge til rette for trenarutdanning i tida framover.

Sportsplanen til handballgruppa vil, når den er godkjent, bli eit viktig dokument som kan vere med å legge føringar for vidare arbeid med den sportslege utviklinga. Målsettinga er å ha sportsplanen endeleg klar til bruk hausten 2022.

I tillegg må det også jobbast vidare med følgjande i året som kjem:

- Inntektsbringande tiltak
- Organisering av handballgruppa
- Haldningar (hjá trenarar, foreldre og spelarar)
- Dommarutdanning
- Trenarutdanning

Det må og jobbast med ein strategiplan for handballen dei komande åra, både med tanke på det sportslege og det administrative, slik at ein får ein fast struktur og langsiktig plan i arbeidet. Dette er eit arbeid som styret så smått har starta på, men som må få meir fokus i året som kjem, og for å engasjere heile handballgruppa i Jotun.

13 SPELARUTVIKLING

Det har vore nokre spelarar frå Jotun som har delteke på samlingar i regi av region vest denne hausten. Me har hatt ein spelar frå J16 som har delteke på Regional landlagssamling/Bylaget og spelarar frå G16, G13, J16 og J14 som har delteke på RUM-samlingar.

I eigen klubb har me hatt 2 spelarar frå J16 som har hospitert fast opp til senior damelag, og det har og vore spelarar som har som har fått vore med dei som er eit år eldre for å hjelpe til nokre gonger det har vore for lite spelarar.

14 SAMARBEID

IL Jotun Handball ynskjer å takke sponsorar, gode støttespelarar, trufaste hjelparar og andre som har stilt opp i året som har gått, sjølv med utfordringane som covid-19 har medført. Skal me lukkast med vidare satsing på breidde innan handballsporten i Årdal, er me heilt avhengige av dykk.



VEDLEGG 1

Lag

Informasjon om dei ulike laga i aldersbestemt handball

J/G10

Trenar: Anette Svori

Oppmann J10: Zsofia Rezi

Oppmann G10: Bjarte Hove

J/G10 har hatt ei svært variierende treningsgruppe denne sesongen, då det var store utfordringar å finne ei treningstid som passa for så mange som mogeleg. No er den endre til fredag klokka 14:30, og det har ført til ei mykje meir stabilt oppmøte på treningane. Og me plar vere mellom 10 og 15 stk., som er passeleg.

Jentene og gutane trenar saman, og dette har fungert svært godt. Me trenar ein time, og da har me i år hatt mykje fokus på kast, mottak, stussing av ball og sidelengs arbeid i forsvar, i tillegg til at me har prøvd å ha øvingar som skal vere til nytt mtp. basisstyrke.

I turneringane har me hovudsakeleg spela mot Syril og Sogndal, noko som er motiverande for spelarane, då desse laga er ganske jamne med oss.

J11

Trenarar: Karianne Gudvangen og Geir Inge Agledal

Oppkvinne: Monica Sagerøy.

J11 har treningstider kl.16-1730 om onsdagene. Me treng den tida for å rekke å gå gjennom det ein skal, samt få speletid. Vi har på det meste vore 14-15 spelarar, der 2-3 stk. kjem frå ÅTIL innimellom og trener med oss. Jentene kan også trene ei økt i Tangenhallen, men denne har ofte krasja med nokre av jentene sine andre aktiviteter. Det er også to stk. som ikkje er med og spelar kamper, men desse har ikkje møtt opp på lenge, det er også snakk om at ei anna som har gitt seg. Så oppmøte har variert frå 8-14 spelarar. Korona har gjort at det har vore avgrensa kor mykje tangen og øvre har fått trenar i lag. Treningane er lagt opp slik at dei har fokus på ballkast/mottak, fintetrening, skottrening, pådrag og speling. Turneringene har vore så som så, da ikkje alltid laga stiller på turneringa utan at regionen har fått dette med seg. Vi har også gitt tilbakemelding på at ÅTIL og Jotun ikkje ynskjer å spele mot kvarandre, da vi samarbeider på treningane, men regionen slit med å ta dette til etterretning. Framover ser eg behovet for at det vert tilgang på utstyr som gjerne strikk, stiger og hinder (små for å hoppe over, samt medisnball for å fremme vidare utvikling- dette kan fleire lag dra nytte.

J12

Trenarar: Marita Hestetun og Janne Kristin Bjørkum

Oppkvinner: Ellen Veum og Veronika Nilsen

Spelarar: 15 stk. Ei har slutta i år.

Det har vore godt oppmøte på treningar, men me har berre fått spele nokre få kampar pga. korona. Dette har gått utover motivasjon til både spelarar og trenarar, så no ser me fram til hausten der me startar med vanleg seriespel.

På grunnlag av veldig lite kampar er det vanskeleg å få ei god nok vurdering på utvikling, men det er veldig positivt at det er så godt oppmøte av samtlege kvar tysdag.

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon

Telefaks

Foretaksregisteret
975 702 308

**J13****Trenarar:** Linda Øy og Stine Kauppi**Oppkvinne:** Lisell Måren

Denne sesongen har me vore 18 jenter på laget. 5 frå Årdalstangen og 13 jenter frå Jotun.

Me har 2 lag i serien der me har møtt Bjørn, Førde, Syril og Vikane.

Nytt frå denne sesongen er at me har fått med oss Sandra Rinde i trenarteamet. Ho er med av og til og har ansvar for keeperane.

Me har treningar tirsdager og torsdager og vi er alt fra 10- 18 jenter på treningane.

Sesongen har vært fin og mange jenter har hatt stor utvikling denne sesongen. I og med at me har 2 lag, så har alle jentene fått bra med speletid. Før jul fekk me spelt alle kampane mens me har fått utsett 2 kamper etter jul. Ser ut som om me skal klare å få spelt desse no i løpet av feb/ mars.

Me håpar å få til ein avslutning for jentene når sesongen er ferdig.

G13**Trenarar:** Nina Jevnaker, Anne Kauppi og Vibeke Rinde**Oppkvinne:** Yvonne Finnebotn

Desse Jotun-gutane, har dei to siste åra hatt eit felles lag med ÅTIL-gutane. Dette fungerer veldig fint. Det gjer at me har ei passeleg stor treningsgruppa og me har nok folk når det er kamp. For oss trenarane er det også veldig kjekt at me er fleire som deler på ansvaret. Me har to treningar i veka, ei trening i Øvre og ei på Tangen. Vanlegvis er det mellom 10 og 15 gutar på trening. Det siste året har me jobba mykje med å få til lagspel, å spela kvarandre gode og prøva å få til eit par enkle spelesystem. I høve til individuelle ferdigheiter jobbar me med å utvikle skot og finter. I tillegg har me no i år også hatt fokus på «Skadefri» og litt grunnleggande basisstyrke.

Alle spelarane viser fin utvikling og dei er ivrige i treningssituasjonen. Konkurransinstinktet er stort, så det er alltid vellukka å ha øvingar med eit eller anna konkurransepreg. Å spele er det kjekkaste og heldigvis er me stort sett alltid nok spelarar til at me får spelt på trening. Det har vore spesielt viktig no når koronasituasjonen har gjort at svært mange kampar har vorte avlyste. Me er nok litt spente på å sjå kva mangel på kampar har gjort med motivasjonen, og om me mistar nokon før neste sesong på grunn av det. Me håpar sjølvsagt at me blir mange nok til at me kan stilla G14-lag til neste sesong.

J14**Trenarar:** Adelheid Nes og Vibeke Fusche Moe**Oppkvinne:** Laila da Silva Vamråk

Jotun J14 byrja sesongen bra med 12 spelarar frå både Øvre og Tangen. Me fekk trena godt i haustsesongen fram til ny nedstenging på grunn av Corona-situasjonen. I år er det trippel-serie på grunn av få lag i serien. Me har møtt Sogndal, Vik, Gaular og Syril. Me har vunne mot Sogndal og spelt uavgjort mot Syril. Det vart tap mot Vik og Gaular.

Gjennom haustsesongen har me trena måndagar i Årdalshallen og onsdagar i Tangenhallen. Dessverre har me no etter nyttår mista seks spelarar. Me trur at nedstenging og utsette kampar har gjort til at fleire av jentene har mista motivasjonen. Dette er svært uheldig og gjer at me ikkje greier å stilla lag utan hjelp frå andre lag i Jotun. Heldigvis har me ivrige jenter på 13-års laget som stiller opp på kampar.

Det har fungert fint. For å gje eit godt treningstilbod til dei jentene som er att på laget har me slått oss saman med J16. Jentene synest dette er ei god løysing, og dei utviklar seg handballmessig ved å trena på eit høgre nivå. Me har no begge treningane i Årdalshallen saman med J16. Me håpar at me skal greia å gjennomføra resten av sesongen ved å låna spelarar frå 13- års laget.

Postadresse

IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse

Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon**Telefaks****Foretaksregisteret**

975 702 308



J16

Trenarar: Jannicke Øyre Nundal og Heidi Svori

Oppmann: Marita Lindborg

Treningstid: Måndagar 18.30-20.00 og onsdagar 20.00- 21.30. Måndagar er delvis saman med J14. Me har og trena nokre få fredagar.

Laget hadde frå starten av sesongen 13 spelarar. Ei har i løpet av denne tida blitt langtidsskada pga korsband/menisk, ei har slutta og ei har begynt. Det er ei blanding mellom spelarar som er fødde i 2005 og 2006. Ei som har fylt 16 år er med på damekampar når ho ikkje har kamp med J16. Me har og hatt med jenter fødde i 2007 på kampar med sjukefråfall.

Me lagde plan over treningane før jul, der me nytta handballforbudet si utviklingstrapp og øktene som ulike trenarar har laga som det er tilgang på nettsidene. Dette er eit utkast som ofte blir endra på, då me etter kampar ser spesifikke ting me må øve på. Me har kun vunne ein kamp, men har holdt bra følge i andre. I nokon av kampane har me hatt stortap. Dei fleste spelarane på laget er fødde i 2006, så det er nok ein grunn til at mostanden blir for sterk i mange kampar.

Oppmøte på treningane er stort sett bra, og det same er innsatsen.

G16

Trenar: Rune Hunderi

Hjelpetrenarar: Tonje Stølen Moen og Frank Hovland

Oppkvinne: Gry Hestetun

Jotun sitt G16-lag har i år bestått av ti 2007-splrarar, to frå 2004 og to frå 2005.

Gutane var opphaveleg eit 2007-lag. For å gi tilbod til spelarar fødd i 2005, måtte me opp eitt kull, til 15-årsserien. Grunna få lag, bestemde regionen å slå saman 15- og 16-årsserien. Dermed vart eit i utgangspunktet 14-årslag, til eit 16-årslag. Da me likevel var kome i 16-årsserien, kunne også spelarar fødd i 2004 få spelestilbod. Det har ikkje vore interesse frå gutar i 2006-kullet. Dei eldste har også eit speletilbod med herrelaget til ÅTIL, og det betyr at dei ikkje alltid kan vere med G16.

Me har trena to gonger i veka, og det har stort sett vore bra oppmøte og god stemning. Me har hatt nokre treningskampar mot J16.

Sportsleg sett har det vore ein tøff sesong. Me har for det meste møtt lag som har bestått av 16-åringar. Det har dessverre betydd tap for gutane heile vegen. Dei har teke det med fatning, og det er i hovudsak gløymt før me kjem ut av hallen. Me har hatt to reiser så langt. Me spelte mot Eid og Gloppen ei helg, og mot Stryn og Innvik ei helg. Me har hatt nokre få heimekampar. Det skulle vore kampar både i desember og i januar, men korona sette ein stoppar for dette. Me har planar om å få spelt alle kampane i løpet av mars og april. Det er eit puslespel for å få på plass omberammingane med tanke på at alt som skal klaffe med dommarar, ledig hall, kampoppsett, ledig buss mm.

Me håpar å få reist på turnering i år.

Postadresse

IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse

Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon**Telefaks****Foretaksregisteret**

975 702 308